



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

## MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD 13.03.2025 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

**Til stades:** Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Sigrunn Hagen Arnesen, Magnhild Meltveit Kleppa, Margunn Helgøy, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

**Forfall:** Liv Laugaland, Aud Grimstad

**Møtande varamedlemmar:** Susanna Poulsen og Thea Marie O. Egeland

### **SAK 00/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

#### **Vedtak:**

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste.

### **SAK 00/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 30.01.2025**

#### **Vedtak:**

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 30.01.2025.

### **SAK 08/25 ORIENTERINGAR**

Hjelmeland kyrkje manglar kyrkjetenar, Ola Dale og Øystein Bjelland er vikar på timebasis. Kyrkjeverja arbeidar med å få på plass ny kyrkjetenar.

Årdal gamle kyrkje sitt sprinklaranlegg er no ombygd. Det gjenstår nå litt snikkararbeid og ein sjekk og godkjenning at anlegget virke slik det skal. På grunn av at kompressorane har sluttat å virke, og det er over garantitida, så må dei erstattast.

Utsending av festeavgift blir flytta frå september til mai

Kommunen vil ha guiding i kyrkjene i Årdal i juli.

Årsmeldinga er nesten klar, venter på at revisor skal revidere rekneskapet.

Kyrkjeplanen bør reviderast, det vart gjort sist i 2020.

#### **Vedtak:**

Orienteringar vert tekne til orientering.

### **SAK 09/25 BETALING AV FESTEAVGIFT VED GJENBRUK AV FAMILIEGRAV**

Når ei grav er festa skal det betalast festeavgift

#### **Vedtak:**

Vedtekta for gravplassane i kommunen består slik dei er.

## **SAK 10/25 OVERSKOT KMU TIL NYTT FLYGEL**

Kyrkjemusikalsk utval har bedt om at overskot frå arrangement skal gå til nytt flygel.

### **Vedtak:**

Fellesrådet støttar ikkje søknaden, men oppmodar Hjelmeland sokneråd om å sende ein søknad om støtte til flygel.

## **SAK 11/25 HØYRINGSUTTALE KA – RETNINGSLINJER FOR TILSKOTSFORVALTNING**

### **Høyringsuttale frå Hjelmeland kyrkjelege fellesråd:**

Hjelmeland kommune er ein liten kommune i Rogaland med ca. 2.650 innbyggjarar. Her er det tre sokn. Alt arbeid i/av soknerådet vert gjort av frivillige. Det er ingen fast tilsette i sokna, men ein har ein liten sekretær ressurs , administrert under Fellesrådet, for føring av rekneskap mm. Det seier seg då sjølv at det er vanskeleg å påleggje medlemmene mykje arbeid med registrering av aktivitetar i «Kyrkja vår», slik KA legg opp til. Det er og eit faktum at berre ein liten del av sokna i landet har aktivt teke i bruk «Kyrkja vår» (25%).

Mange av aktivitetane i prestegjeldet skjer i eit sokn, men har deltakarer og med medarrangørar frå dei andre sokna. Dersom ein då registrerer aktiviteten berre på eit sokn, kan gje feil fordeling av tilskott.

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd vil foreslå at ein fortsett med ordninga ein har i dag med at kyrkjeverja, og ev. andre i administrasjonen rapporterer årleg til bispekontoret.

Alternativt kan ein differensiere ordninga slik at sokn utan fast tilsette i administrasjon ikkje vert pålagt å gå over til aktivitetsstyrт tilskott, men får halde fram med dagens ordning (stillingsbassert).

Dersom tilskott skal baserast på registrerte aktivitetar av soknet i «Kyrkja vår», vil dette mest sannsynleg måtte føre til trong for meir ressursar på kyrkjekontoret. Det er lite truleg at dei frivillige i soknerådet kan gjere denne jobben.

Vi vil vidare peike på den usikkerheita som kan oppstå med tanke på tilsetning og oppretthaldning av stillinger når dette vert avhengig av aktivitetar som må rapporterast, når denne rapporteringa er avhengig av frivillige med ulik kapasitet og kompetanse.»

## **SAK 12/25 AUKE I DIAKONARBEIDARSTILLINGA**

### **Vedtak:**

1. Diakonarbeidar får utvida diakonstillinga med 10%

2. overføre sekretæroppgåvene til administrasjonssekretären med 10%

### **SAK 13/25 REGLEMENT FOR PÅSKJØNNING AV TILSETTE**

#### **Vedtak:**

Kyrkjeverja skal oppdatere reglementet til neste møte  
Punkt 1 gjeld for punkt 2.1 og 2.2

### **SAK 14/25 MINNELUND PÅ GRAVPLASS**

#### **Vedtak:**

Kyrkjeverja utgreier behov og kostnad ved å opparbeide minnelund i samråd med kommunen.

### **SAK 15/25 KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDEL 2025 - 2037**

#### **Vedtak:**

Leiarane i Hjelmeland, Årdal og Fister gir ein felles uttale.

### **SAK 16/25 YMSE**

-Avtale om vatn og straum til gravplassane Sandanger, Jøsenfjorden og Vormedalen  
-Gravlegging av innbyggjar med anna trusretningar enn den kristne i eigen kommune.

#### **Vedtak:**

Kyrkjeverja går i dialog med den einskilde grunneigar om avtale om vatn og straum.

Kyrkjeverja utgreier kva behov

### **SAK 17/25 GODTGJERING TIL SOKNERÅDS- OG FELLESRÅDSMEDLEMMMA**

#### **Vedtak:**

Saka blir utset til neste møte